

BREOPPLEVING

BREKURS, KLATREKURS OG FJELLFØRING SIDAN 1994



Adresse: PB 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no
www.fjellklatring.no



VELKOMEN TIL JOSTEDALSREEN PÅ LANGS PÅ SKI

Dette dokumentet inneheld den informasjonen du treng for å planlegge turen på langs av Jostedalsbreen med oss. Dersom det likevel er spørsmål så er det berre å ta kontakt. På dagtid er vi ofte på breen, så legg igjen melding viss vi ikkje svarer.

Jostedalsbreen på langs er ein tur for friluftsfolk som likar lange turar. Du får oppleve det beste av breen, med brefall som Småttene og Supphellebreen, sjå høge toppar som Lodalskåpa, Brenibba, Kjenndalskruna og Supphellenipa, og ei utsikt du seint vil gløyme. Av og til går vi også oppom Lodalskåpa og Kjenndalskruna. Samtidig er det ein lang og krevande tur der du må ta med telt og mat for tre dagar.

Vår rute frå Erdalen i Stryn til Fjærland er den opprinnelege ruta som først vart gått av læraren Ola Bøyasva i 1798 for å besøke slekt. Han måtte også gå tilbake same vegen.

Oppmøte og transport: Ein kan enten ordne all transport sjølv eller vi kan bestille ein buss for transport mellom Erdalen og Fjærland.

Viss du ordnar all transport sjølv så møter du opp på Greidung i Erdalen klokka 20. Ein kan køyre eller ta buss til Erdal (like ved Hjelle) i Stryn kommune. Ekspressbussane frå Oslo (via Otta, ikkje via Sogndal), Trondheim og Bergen går forbi. Frå Erdal (ved campingplassen) tek ein innover dalen heilt inn til siste garden (Greidung). Dit er det 2 km og vi møtast på parkeringsplassen.

Viss du vil være med ein buss frå Erdalen til Fjærland så møter du opp i Fjærland kl 18, ved parkeringa til Flatbrehytta. Har du problem med å finne fram så er det berre å ta kontakt. Viss du kjem frå Sogndal køyrer du ikkje inn til Fjærland og Norsk Bremuseum, men held fram 1,5 km til skilt mot Supphellebreen. Tilsvarande frå Skei så tek ein av mot Supphellebreen like før ein kjem til Norsk Bremuseum. Frå avkøyringa er det om lag 3,5 km til parkeringa ved Øygaard. Parkeringa er skilta. Ta med pengar til parkeringsavgifta. Bussen til Erdalen kostar kr 300,-. Meld frå til ove@bre.no viss du vil være med bussen.

BREOPPLEVING

BREKURS, KLATREKURS OG FJELLFØRING SIDAN 1994



Adresse: PB 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no
www.fjellklatring.no



Når alle er samla på Greidung i Erdalen går vi inn til Vetledalsseter, den innerste setra. Det tek omlag 2 timar. Her ligg det ei hytte ein kan bu i, men den er ofte full i desse tider. Då må du slå opp teltet på ei av dei mange flotte grasslettene rundt hytta.

Viss du ikkje kan møte opp kl 18 i Fjærland eller kl 20 på Greidung i Erdalen så må vi vite om det på førehand. Alle treng personleg breutstyr som vi deler ut ved oppmøte. Kjem du seinare så må vi avtale kor vi legg utstyret så du får det med deg. Avgang frå Vetledalsseter er dagen etter kl 0800, det er siste frist viss du vil rekke turen.

Dag 1: Frå Vetledalsseter går turen opp mot Erdalsbreen. Normalt tek vi på oss skia litt før vi kjem inn på breen. Deretter går vi opp heile brefallet og ned Lodalsbrekka. Siste etappe er opp brefallet Småttene. Her må vi bruke tau og sele sidan sprekkene er synlege heile året. Leir vert det i Ståleskardet ved foten av Lodalskåpa. Dette er den tyngste dagen på turen og ein må ha skifellar. For dei som endå er spreke blir det kveldstur på Lodalskåpa viss veret er godt.

Dag 2: No er vi oppe på platået av Jostedalsbreen. Ferda går sørover via Kjenndalskruna, Høgste breakulen, Kvitekoll og Ramnane. Målet er Bings gryte, ei spesiell vindhole der breen er på sitt aller smalaste. Denne dagen er det lite stiging, men det er langt å gå.

Dag 3: Frå Bings Gryte går vi litt opp før turen går nedover breen mot Flatbrehytta. Her sluttar breen og stien går bratt ned til Fjærland. Dette er den lettaste dagen på turen. Viss veret er godt går vi oppom Supphellenipa på vegen. Vi er nede litt ut på ettermiddagen, normalt mellom kl 14 og 18.

Turen krev normalt god kondisjon og at ein har vore på tur med tung sekk før.

BREOPPLEVING

BREKURS, KLATREKURS OG FJELLFØRING SIDAN 1994



Adresse: PB 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no
www.fjellklatring.no



Personleg utstyr

Vindtett jakke og bukse
Ullundertøy (og eit skift)
Varm genser, fleece eller varmejakke (dun)
Lue
Vottar (vindtette overtrekk og innervott i ull)
Sokkar (2-3 par så du har skifte)
Solbriller og solkrem med høg faktor
Sovepose og liggeunderlag (tjukt)
Fjellski, stavar med brei trinse og skifeller
Skisko og gamasjer
Vassflasker (1,5 - 3 liter)
Skismurning (frå blå ekstra til klister sidan føret kan variere ein god del)
Mat og drikke (frokost, to lunsj pr dag, middag).
Velg næringsrik mat som er lettast muleg å bære og enkel å tilberede.
Bestikk, kopp, tallerken
Toalettsaker, toalettpapir
Førstehjelpsutstyr til eige bruk (gnagsårplaster, sportstape, enkeltmannspakke)

Utstyr i kvart teltlag

Telt
Kokeutstyr (med brennstoff nok til å smelte snø til drikkevotn)
Spade
Fyrstikker/lighter

Ekstra

Kart og kompass viss du vil følge med på kor vi er
Termos viss sekken ikkje blir for tung

Breoppleving deler ut breutstyr så dette treng du ikkje ta med. Du får utdelt seile som du må bære heile turen og du må bidra til bæring av tau av og til.

Idear til mat på turen

Tørrmat til 1 x kvelds, 3 x frokost, 5 x lunsj

Grynblending 200 gr pr måltid (3 x frokost og 3 x lunsj), pluss strøsukker. Tilsett gjerne tørrmelk på førehand.

10 brødsiver, ferdig oppskårne, med pålegg (kvelds første dagen og 2 x lunsj). Kan evt pakkast i ein isboks.

Forholdet mellom brødsiver og grynblending kan sjølvst justerast etter ønske, eller ein kan ta berre ein av delane. Vi set opp fem lunsjar fordi vi har to matpauser dei to første dagane på breen og ei matpause siste dagen.

Middag til 2 dagar

Real Turmat (2 stk middag), hugs at det er lange dagar som krev mykje energi så viss ein slik pose er lite så kan du ta med litt ris, steikt kjøtdeig,

BREOPPLEVING

BREKURS, KLATREKURS OG FJELLFØRING SIDAN 1994



Adresse: PB 246, 6821 Sandane
Telefon: 57 87 05 00
E-post: post@bre.no
Heimeside: www.bre.no
www.fjellklatring.no



pølser eller liknande som du kan tilsette. Alternativt kan ein lage enkle rettar basert på gryterettar (med kort koketid) og tilset hurtigris, potetmos, pasta pølser, kjøtdeig eller det ein likar.

Ekstra energi på dagtid til 3 dagar

Rosiner (250 gram, evt små pakkar), peanøtter (150–200 gram), sjokolade eller næringsrike kjeks

Drikke

Kakao, pulverkaffi eller rett i koppen (på dagtid viss du har med termos, eller kveld/morgon)

Saftpulver (1 pose pr dag) fordi smelta snø ikkje er veldig godt utan smakstilsetning)

Mengde må tilpassast kvar enkelt

Vi kan hjelpe til med å formidle kontakt med andre deltakarar dersom du melder deg på åleine eller ikkje har med telt, eller viss du vil dele telt med andre for å spare vekt.

Betalinga av turen må skje snarast råd og innan fristen. Vil du ha lenger frist for betalinga så ta kontakt før betalingsfristen går ut. Viss vi ikkje høyrer noko anna så kjem det ei purring ved manglande betaling. Vær venleg å oppgje fakturanummeret ved betaling så vert det enklare for oss å registrere betalinga.

Viss du likevel ikkje vil være med så vil du få tilbake alt du har betalt ved avmelding minst to veker før turen tek til. Av og til er veret for dårleg til å gjennomføre turen. I så fall får du tilbake alt du har betalt. Viss veret er godt nok til at vi vegler å starte turen, men du sjølv synes det er for dårleg til at du vil delta, vil du få tilbake halvparten ved avmeldinga seinast to døgn før oppmøte. Du bør ha ei reiseforsikring slik at du får dekka turavgifta viss du blir sjuk.

Vi ringer til alle deltakarane nokre dagar før turen når vi har relativt sikre vermeldingar og tek ein prat om korleis turen ser ut til å bli.

Velkomen til ein spanande tur over Jostedalsbreen!